

13/14 Innspel til arbeid med å gjennomgå Norsk Kulturråd

Styret gav i møtet 11. februar administrasjonen fullmakt til å laga eit utkast til fråsegn som så skulle sendast ut til medlemene per e-post. Utkastet vart sendt ut 4. mars og det var ikkje framlegg til endringar/tillegg i dei kommentarane som kom. Fråsegna var såleis å sjå på som samrøystes vedteken.

Denne fråsegna vart deretter sendt til Kulturdepartementet (sjå skriv under, dagsett 14. mars).

På bakgrunn av mellom anna dei høyringsfråsegnene som kom inn, har ei utgreiingsgruppe nedsett av Kulturdepartementet laga rapporten «Gjennomgang av Norsk kulturråd». Departementet inviterer no til ein ny høyringsrunde. Rapporten ligg på www.regjeringen.no/kudrapporter .

Framlegg til ny høyringsfråsegn (den første følgjer som vedlegg):

Kulturdepartementet

postmottak@kud-dep.no

Dykkar referanse: 14/2642

GJENNOMGANG AV NORSK KULTURRÅD - HØYRINGSFRÅSEGN

Vi viser til brev av 2. juni 2014 der departementet ber om innspel til rapporten «Gjennomgang av Norsk kulturråd» som er sendt på høyring. Mandatets mål om at «reforma skal føre til auka maktspreiing, høgare kvalitet og breiare finansiering av kulturlivet» er lagt til grunn for vår høyringsfråsegn.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak med føremål å fremje norsk språk og kultur i offentleg verksemd. 102 kommunar, 4 fylkeskommunar og 17 interkommunale tiltak og regionråd er med i samanslutninga.

LNK arbeider for å sikre nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege. Vi arbeider for å setje språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syne samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling.

Kulturrådet og forvaltningsnivåa

Rapporten verkar generelt å vere litt «ujamn».

Det er berre litt over tre år sidan abm-sektoren vart omorganisert. Då fekk Norsk kulturråd tilført oppgåver innan arkiv- og museumsområdet, medan oppgåver innan biblioteksektoren vart overført til Nasjonalbiblioteket. Utgreiinga går i liten grad inn på korleis den nye oppgåveporteføljene er handtert, og seier heller ikkje så mykje om framtidige utfordringar for abm-sektoren. Rapporten er derimot relativt detaljert i drøftinga av korleis utviklings- og direktoratsfunksjonar for museums- og arkivsektoren kan overførast til andre. På den andre sida er oppgåveporteføljene knytt til Norsk kulturfond (litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst) mest ikkje vurdert i det heile.

Vi tykkjer og det er svakt at utgreiinga ikkje drøftar tilhøvet mellom Norsk kulturråd, stat, fylke og kommune.

Kulturrådet, - mest for Oslo?

Lov om Norsk kulturråd fastslår at Kulturrådet er eit statleg forvaltningsorgan som har heile landet som verkeområde. Kulturrådets eigen statistikk over fylkesvis fordeling viser at 43 % av medlemene (49 av 124 personar) i faglege utval bur i Oslo, og at 46,3 % av midlane (220 413 400 av 475 903 750 kr) frå Norsk kulturfond går til tiltak i Oslo. LNK har også med interesse merkt seg Stavanger Aftenblads kulturjournalist Jan Zahl som i artikkelen «Løgn, forbanna løgn, og statistikk» 3. juni 2014 skriv:

«Kulturrådet fordeler i år over ein halv milliard kulturkroner til diverse kulturprosjekt og kunstnarar gjennom sitt kulturfond. Eg har gjennom dei siste åra skrive mang ei sak om den påfallande ubalansen i korleis pengane fordeler seg i landet. For mens Oslo har 12 prosent av landets befolkning og rundt 36 prosent av landets kunstnarar, pleier 55 prosent av Kulturrådets kunstnarstipend å gå dit. Stavanger – bare for å ta ein heilt tilfeldig by – har fått sånn cirka 1,2 prosent i snitt i åra eg har undersøkt»

Sidan slike haldningar har fått fotfeste rundt omkring i landet (denne type kritikk er ikkje ny), ville det truleg ha vore klokt å drøfta slike problemstillingar i rapporten. Det gjer ikkje saka betre at både rapporten og Kulturrådet i sine offisielle statistikkane «skjuler» den faktiske fordelinga av økonomiske midlar med å operere med tal over innvilga prosentdel sett i høve til søknadssum pr. fylke. (Rapporten opererer med 31,1 % av midlane går til Oslo, dei faktiske tala er 46,3 %).

Kulturrådet, språk og litteratur

LNK meiner Norsk kulturråd spelar ei viktig rolle i kulturlivet. Dei statlege støtteordningane gjennom Norsk kulturfond har hatt mykje å seie for nivået på den nyskapande kunstnarlege aktiviteten her i landet. For språk og litteraturfeltet har innkjøpsordningane stimulert til ein stor norsk bokproduksjon der mange nye forfattarstemmer kjem til orde. Innkjøpsordningane har ført til at folk i heile landet har fått betre tilgang til god litteratur på begge dei norske målformene, også innanfor smale sjangrar. Dette er *ikkje* sjølvstekt i eit lite språksamfunn som det norske.

I 2014, etter at det vart gjeve større delegasjonsmynde, vedtok Kulturrådet nedskjeringar. Med eit pennestrøk forsvann 1/3 av støtta til bøker på nynorsk, noko som kjem til å ramme den nynorske bokproduksjonen både i dei store forlaga og i mindre forlag med meir regionale nedslagsfelt. Dette er direkte i motstrid til offisiell norsk språkpolitikk (jf. st. meldinga «Mål og mening»). Problemstillinga er ikkje drøfta i rapporten.

Oppsummering

LNK finn det vanskeleg å tilrå at ein i dag gjer endringar i oppgåveporteføljen for Norsk kulturråd. Dette av di ein først bør gjere ei betre evaluering av korleis omorganiseringa av abm-sektoren faktisk har slått ut, og korleis oppgåvene er løyste i Norsk kulturråd og Nasjonalbiblioteket. I tillegg bør vi kjenne den framtidige kommunestrukturen, før det blir gjort nye radikale endringar på dette området som kan få mykje å seie for arkiv, bibliotek og museum i norske fylke og kommunar. LNK finn likevel grunn til å peike på at mindretalet i utvalet, slik vi ser det, har ei interessant og meir prinsipiell tilnærming, ved at dei freistar å definere kva som er såkalla «direktoratsfunksjonar» og «armlengdes oppgåver».

LNK meiner kulturlivet er best tent med ei aktiv involvering av det folkevalde nivået. Det medfører at Stortinget bør fastsetja nivået på dei statlege løyvingane (post 74, 77 og 78) og fordelinga mellom kunstområda og dei ulike sjanrane kanalisert gjennom Norsk kulturfond (post 55/56). Med same grunngeving meiner LNK at Stortinget bør peike ut medlemmer til rådet, i tillegg til dei som er oppnemnde direkte av Kulturdepartementet, slik praksis var i perioden 1965-2009.

46,3 % av kulturfondsmidlane gjekk i 2013 til tiltak i Oslo, der om lag 12 % av innbyggjarane bur. LNK synest det er naturleg at departementet vurderer tiltak og rutinar som betre sikrar at Kulturrådet i framtida i større grad kjem heile landet til gode. Eitt verkemiddel kan til dømes vere å opprette regionale fond. Kulturstatistikken må ha faste målindikatorar for geografisk nedslagsfelt (på kommunenivå) og om den kunstnarlege produksjonen kjem på norsk (med deling mellom nynorsk og bokmål).

Organisasjonane, dei frie gruppene og dei etablerte institusjonane er best tente med ei god grunnfinansiering, med eit nivå fastsett av dei folkevalde. I tillegg bør det setjast av utviklingsmidlar som vert fordelte etter søknad og etter eit fagleg skjønn. Ut frå føringane i offisiell norsk språkpolitikk (jf. St. meldinga «Mål og mening») bør tilskotet til språk og litteratur generelt, og nynorsk bokproduksjon spesielt, aukast. Dette bør tydeleggjerast i dei nye retningslinene for Kulturrådet.

LNK meiner det finst gode erfaringar med å flytte statlege verksemder ut av Oslo, og kan ikkje sjå at faglege omsyn talar mot at ein fagadministrasjon kan liggje andre stader enn i hovudstaden. Dersom det blir aktuelt å opprette eit nytt kulturdirektorat, bør dette leggast utanfor Oslo. Ei utplassering til til dømes i dei nynorske kjerneområda, vil medverke til auka bruk av nynorsk språk og kultur i offentleg forvaltning.

Med helsing

Solfrid Borge (s)

styreleiar LNK

Vidar Høviskeland (s)

dagleg leiar LNK

Kopi:

Medlemskommunane i LNK

Kommunenes Sentralforbund

Familie- og kulturkomiteen, Stortinget

Dei politiske partia, Stortinget